

Arbeidet på Eikelandet startar i morgen**22.04.2012**

**Etter siste vedtak iForvaltingskomiteen på onsdag om kai og uteleggjarar startar arbeidet på Eikelandet i morgen.
Det er Sagvåg Invest v/ Geir Rusten som er utbyggjar.**

Arbeidet no gjeld tilrettelegging, rydding i tomta og kaifundament og kai.

Det er meir uvisst kva tid arbeidet med seksjonane kan ta til.

Ei ny utlysing vil syna om det er interesse for bustadprosjektet slik det er teikna med einebustader i funkis stil.

Rusten fortel til uskedalen.no at ei anna løysing er å selja tomter og la kvar eigar sjølv velja stil og form.

Uansett er det eit stort framsteg at det no vert fart i ubygginga på Eikelandet.

Tekst: Kristian Olav Bringedal